



## ÅRSMELDING FOR IL Jotun turngruppe 2020



- **Mottekne midlar**  
Årdal Kjemiske fagforening, Fordeling sponsor, LAM midlar og treningsavgift. Deltok på vareteljing på Coop for 2020.
- **Anlegg**  
Trenar i Agnitio hallen og Årdalshallen
- **Oppgaver i året som kjem**  
Jobbe med aktiviteten i gruppa. Eit spesielt fokus på breidden og redusere fråfallet.  
Jobbe med anlegg slik at me får på plass ein fleirbrukshall. Jobbe vidare med Rein klubb og Trygg på trening. Dette i saman med alle dei andre gruppene i Jotun.  
Førstehjelpskurs til trenarane.
- **Evt. Eksterne tillitsverv**  
Sofie Moen, troppsutvalet i nye Vestland turnkrets.  
Ingeborg Hjelle sit i styret i symjekretsen.

### Rapport frå gruppene:

Jenter 2008 er ein veldig ivrig gjeng som trenar flittig. Har dessverre ikkje hatt nokon stemner eller konkurransar i år, så dei gledar seg til å koma i gang igjen. Ein flott gjeng med veldig godt samhald i gruppa.



Dei som var med var Sara Laberg, Karla Ene, Ella Berge Hestetun, Mathea Straumsheim Breivik, Martine Kinserdal, Asta Hetle, Bertine Hellebø, Mali Bye og Emma Lunde. Ein unik gjeng med jenter, som tek vare kvarandre. Trenarar Veronica Hellebø, Brita Hetle, Tiril Stølen Moen, Karoline Molland Hjørnevåg, Stian Bye.

Fin gjeng som er veldig ivrige. Hovedtrenarar er Stian Moen Listhaug og Marita Opheim. Å trena basis er veldig viktig, for å øva inn rett stabilisering. På bildet under er det håndstående som er fokus.



Basis og styrke er ein viktig del av treningane til gutane.



Jenter 2012:

Årsmelding IL Jotun turn 2020

### Ungdomstroppen:

Coronaåret slo hardt til i ungdomstroppen, og det har vore veker og månader utan trening for dei eldste i turngruppa vår. Gjennom nedstenging av hall måtte me vera kreative og finna løysingar for å treffast og vedlikehalde treningen innanfor reglane. Det resulterte i trening på stadion, klatreparken, eigentrening, turar og turning på graset. Treningsgruppa har holdt seg stabil på 12-14 turnarar gjennom sesongen og siste halvdel kom samanslåing med 2008 kullet sine 7 jenter som gjorde sitt til at me fekk fleire i hallen samtidig. Dette gjorde godt for motivasjonen til både turnarar og trenarar. Det mest krevande for dei eldste turnarane våre var nok å finne motivasjon oppi alt dette året. Konkurransedrevne jenter som er vane med høgt trykk og deltaking på det meste som skjer både fjern og nær, hadde plutselig ingen hendingar å trene fram mot. Det vart mykje pause våren 2020, men gjennom sommaren trente me godt. Utpå hausten var det på'an igjen med nye nedstengingar, men her klarte me å setta oss nokre mål som jentene har jobba stabilt for å nå. På nivået dei held er det ofte langt mellom oppturane men da det endeleg kom digitale konkurransar me kunne delta på våren 21, så tende det nye gnistar. Treningsviljen har vore stor blant dei som trenar mest, og nokre nye triks vart landa på tampen av sesongen og innan fristen for konkurranse. Veldig fortent etter god jobbing.



På bildet ser me: Bertine, Mathea, Mali, Asta, Sara, Carla, Ailin, Ingeborg, Maina, Elida, Elida, Emma, Marte og Emma.

Turngruppa ynskjer å takke alle som har stått på i denne krevande tida me har vore inne i. Det er viktig å ta vare på ungdomane våre. Dei er framtida vår og me ynskjer å ha dei med lenge. Anten som aktive eller som trenarar i gruppa.

Me vil og takka alle som støttar oss økonomisk. Hovedsponsorane våre Årdal Kraftlag AS, Sparebanken Sogn og Fjordane og Årdalsnett AS. Utan dykk kunne me ikkje drive den høge aktiviteten me har.


Tusen takk og til alle andre i næringslivet som støttar oss med gåver når de vert spurde om det.


  
Stian Bye, leiar

  
Ingeborg Hjelle, nestleiar

  
Ruth Laberg, kasserar

  
Annbjørg Lereng, styremedl.

  
Andre Laberg, styremedl.

  
Silje Sylvarnes, styremedl.